

Ide- og verdigrunnlag



Visjon og formål

Visjon:

*Ved di side –
eit lys på vegen mot arbeid.*

Formål:

Telemark Lys AS er ei attføringsbedrift som, gjennom framifrå resultat, skal medverke til å oppfylle Stortingets målsetting om fleire i arbeid og færre på trygd, ved å ta i bruk aktuelle verkemiddel og metodar.

Ide- og verdigrunnlag



Kvalitetspolitikk

I formålet til Telemark Lys As, seier vi at vi **"...gjennom framifrå resultat, skal medverke til å oppfylle Stortingets målsetting om fleire i arbeid og færre på trygd..."**

I arbeidet mot dette formålet, legg vi stor vekt på :

- * Eit nært samarbeid med deltakarane, NAV og det lokale næringslivet
- * Eit godt motivasjonsarbeid
- * Utradisjonelle løysingar
- * Individuelt tilpassa opplegg

Visjonen vår lyder slik:

Ved di side – eit lys på vegen mot arbeid.

Tankane bak visjonen, er at vi ynskjer å stå for, og å signalisere:

- Samarbeid (*Ved di side*)
 - Med deltakarane
 - Med samfunnet (Nav, arbeidsgjevarar, kommunen o.s.b.)
 - Med kundane våre
- At målet er å vere ein motiverande ressursbank for deltakarane våre i deira arbeid med å finne den rette vegen inn i, eller tilbake til yrkeslivet. (*Eit lys på vegen mot arbeid*) Våre ressursar skal innrettast etter deltakarens behov, og kan for eksempel vere kartlegging, kosthaldsrettlegg, treningsopplegg, karriererettleiing, teoretisk eller praktisk undervisning både etter tradisjonelle og alternative metodar, akupunkturbehandling, Qi-gong-trening m.m. Det kan også vere arbeidstrening eller sosial trening dersom det er det deltakaren ynskjer og treng. Det viktige er at vi, saman med deltakaren, leitar "med lys og lykte" til vi finn det opplegget som fungerer for den einskilde, og deretter gjennomfører det opplegget på best mogleg måte.

Ide- og verdigrunnlag

Kvalitetspolitikk

Telemark Lys AS

Ved di side - eit lys på vegen mot arbeid

Vi byggjer dessutan, i alt vårt arbeid, på eit sett av overordna verdiar, som vi har formulert slik:

Vidsyn:

Vi verdset og respekterer eit mangfald i etnisk bakgrunn, religiøse, kulturelle og politiske oppfatningar. Vidare vil vi arbeide for at alle skal kjenne seg velkomne hos oss, og vite at dei har sin eigen verdi uansett kjønn, alder, utdanningsbakgrunn, seksuell legning eller funksjonsnivå.

Varme:

Vi vil vere rause med smil, godlynt humor og positive kommentarar. Vi vil ha auge og omtanke for heile mennesket og legge programtilbod og aktivitetar opp slik at kvar einskild får nettopp den hjelpa han eller ho treng for å kome seg vidare.

Vågemot:

Vi vil våge å setje oss høge mål og satse på utradisjonelle løysingar. Vi vil våge å tru på oss sjølve og leite etter ressursane hos våre deltakarar. Vi vil våge å tru at alt er mogleg, og at alle våre deltakarar skal få halde fram i arbeidet sitt, eller kome ut i arbeid, etter fullført tiltak hos oss.

Vi forpliktar oss samstundes til å drive eit kontinuerleg arbeid for å forbetre oss på alle område av drifta i bedrifta vår.

Ide- og verdigrunnlag



Etiske retningsliner

Grunnlagsinformasjon:

I vårt daglege arbeid opplever vi stadig situasjonar der vi må ta vanskelege val, og det er ikkje alltid sjølvstykke som er rett. I Telemark Lys har vi eit verdigrunnlag som seier mykje om korleis vi vil møte kvarandre og omverda, og med forankring i desse kjerneverdiane har vi utarbeidd eit sett av etiske retningsliner som skal hjelpe oss i dei konkrete valsituasjonane vi støyter på. I tillegg til å hjelpe den einkilde med å ta dei rette vala og gjere dei rette handlingane, vil desse retningslinene også sikre at heile personalet gjer val og handlar etter same rettesnora.

Vi er ei offentleg eigd bedrift som mottek offentlege tilskotsmidlar, vi samarbeider aktivt med både offentlege etatar og privat næringsliv og med mange forskjellige menneske i ulike livssituasjonar. Derfor kviler det eit ekstra ansvar på bedrifta for å syne moderasjon, integritet og vurderingsevne. Ved hjelp av dei etiske retningslinene våre vil vi kunne utvise rett etisk skjøn, og dermed vere i stand til å bere dette ansvaret på ein god måte.

Retningsliner:

All personinformasjon er konfidensiell.

Berre i tilfelle der det er naudsynt for ein person eller ei sak, kan vi dele opplysningar internt. Observasjonar som er relevante for ei sak, bør formidlast til den som har ansvar for saka, uansett kven av oss som har gjort observasjonen.

Alle har rett til å setje fram ei klage.

Telemark Lys AS skal arbeide for at ei kvar klage skal løysast på lågast mogleg nivå.

Alle som vender seg til Telemark Lys AS skal bli møtt av dei tilsette på ein venleg og respektfull måte.

Dei tilsette skal arbeide for å kunne gje rette svar med ein gong, eller oprette kontakt til rett person. Vi skal alltid ha klart for oss at vi er bedrifta sitt talerør og andlet ut til omverda.

Tilsette ved Telemark Lys AS skal vere varsame ved mottak av gåver.

Blomar og konfekt kan vere eksempel på noko ein kan ta imot. Gåver av høgare verdi, eller pengegåver som er meint for ein enkeltperson, skal vi avslå.

Ide- og verdigrunnlag



Etiske retningslinjer

Tilsette ved Telemark Lys As kan ikkje gje oppdrag eller ta imot tenester privat, lønna eller ulønna, frå personar som er på tiltak hos oss.

Telemark Lys AS er ei bedrift som mottok offentlege tilskotsmidlar og skal bruke representasjonsmidlar på ein forsvarleg måte.

Vi skal aldri servere alkoholhaldig drikke på bedriftas rekning, korkje til deltakarar, kundar eller tilsette.

Alle våre økonomiske transaksjonar skal til ei kvar tid tåle dagslys.